



Barnehandball 6-12 år

I grunnprinsippet blir laga i Vågå IL handballgruppa delt etter aldersklassar. Handballgruppa skal satse på bredde i dei yngste klassane. Born og unge søker også handballen for å vere saman med venene sine, og fordi eit godt handballmiljø i nærmiljøet er attraktivt. Samhaldet mellom dei unge skal stimulerast, da eit slik samhald skaper lagånd. Om eit lag utmerkar seg, kan det vere aktuelt å melde dei på i ei årsklasse over.

Generelle retningslinjer

- Målet med ein kvar trening er at alle barna skal ha flest mogleg ballberøringar.
- Del inn i fleire små grupper slik at alle er mest mogleg i aktivitet hele tida.
- Prøv å fokusere på 1-2 tema på kvar trening og under kamp i en bestemt periode, som for eksempel en måneds tid.
- Gi rosande tilbakemeldingar i forhold til læringsmomentane for temaet.
- Forskjellige spillformer bør utgjere minimum 60 % av treningstida.
- Fokus på utvikling - ikkje resultat.
- Stimuler til eigenaktivitet og allsidigheit, framsnakke andre idrettar.
- Laga settast saman etter kriteria kameratskap og mangfald i ferdigheiter. Ikkje ved å sette saman de "beste per dato" på eit lag og "resten" på andre- og tredjelag.
- Jambyrdigheit i kampen: Trener skal ta initiativ til å samarbeide med trener for motstandarlaget, for å oppnå mest mogleg jamne kamper.

Utviklingstrapp

Utviklingstrappa bygger på anbefalingene fra NHF. [Link til treningsøkter fra NHF.](#)

Trinn 6 år

6- åringane skal ha tilbod om organisert balleik jamfør overordna sportsleg plan.

